



# Mandat for Fylkesberedskapsrådets kommunikasjonsnettverk

[Fylkesberedskapsrådet i Rogaland](#) etablerer eit kommunikasjonsnettverk for å letta samordninga av informasjon i samband med kriser og andre alvorlege hendingar i fylket. Kriseinformasjonen blir betre gjennom felles erfarings- og kunnskapsutveksling.

Kommunane er frå 2024 med i både Fylkesberedskapsrådet og Fylkesberedskapsutvalet. Det mest hensiktsmessige er derfor eitt felles kommunikasjonsnettverk i Rogaland. Nettverket skal jobba strategisk. Operative oppgåver kan løysast ved å avtala direkte med aktuelle medlemmer.

## Målgruppe

Kommunikasjonssjefar, kommunikasjonsrådgivarar, kommunikasjonsdirektørar og andre med kommunikasjonsoppgåver som ein sentral del av jobben.

## Møtefrekvens

Nettverket har i utgangspunktet eitt digitalt møte i halvåret (totalt to årleg). Oftare ved behov.

## Representasjon

Alle instansar i Fylkesberedskapsrådet kan ha éin eller fleire representantar i nettverket.

## Organisering – arbeidsutval

Kommunikasjonsnettverket har eit arbeidsutval (AU) som førebur og leiar møta. Samansetninga bør i hovudsak spegla Fylkesberedskapsutvalet.



Statsforvaltaren og Rogaland fylkeskommune er faste medlemmer i AU. Det er også Sør-Vest politidistrikt, som representant for «blålysetatane» og fast medlem i Fylkesberedskapsutvalet. Kommunane vel to representantar til AU, med funksjonstid på to år. AU har i utgangspunktet fire (digitale) møte årleg, to i forkant av kvart nettverksmøte.

## Sekretariatsfunksjonen

Sekretariatsfunksjonen blir ivaretatt av Statsforvaltaren.

## Samhandlingsplattform

Alle medlemmene i Fylkesberedskapsrådet melder inn medlemmer til nettverket. Microsoft Teams blir brukt som samhandlingsplattform, med oppdatert medlemsoversikt som er tilgjengeleg for alle.

## Myndigheit

Fylkesberedskapsrådets kommunikasjonsnettverk har ikkje formell myndigheit. Alle medlemmene har sjølvstendig ansvar for informasjon og kommunikasjon i eigne verksemder. Det kan likevel avtalast oppfølgingsansvar for saker som nettverket arbeider med.

Medlemmene i Fylkesberedskapsrådets kommunikasjonsnettverk har observatørstatus i Fylkesberedskapsrådet (FBR). Møta i kommunikasjonsnettverket blir arrangert etter FBR-møta, for å kunna følge opp saker i rådet.

I kriser skal saker som gjeld informasjonsstøtte og koordinering gå via dei formelle beredskapskanalane.

## Det nye Fylkesberedskapsrådet (frå 2024)

- Statsforvaltaren med avdelingsdirektørar
- Sør-Vest politidistrikt
- HV-08
- Rogaland fylkeskommune



- Rogaland Sivilforsvarsdistrikt
- Kraftforsyninga sin distriktssjef (Lnett)
- Nkom
- NHO Rogaland
- Forsvarsbygg
- DSB nødnett
- Helse Stavanger
- Helse Fonna
- Helse Vest
- Mattilsynet Region Sør og Vest
- Norsk Folkehjelp Rogaland
- Norges bondelag
- Rogaland Røde Kors
- Rogaland brann og redning IKS
- Haugaland brann og redning IKS
- Redningsselskapet
- Den norske kyrkja
- Statens vegvesen
- Kartverket Rogaland
- NVE Region Sør
- Norske Kvinners Sanitetsforening
- Telenor
- Lyse Tele
- Bane NOR
- Avinor



- Vassforsyning (IVAR IKS)
- Finansnæringa (SpareBank 1 Sør-Norge)
- NRK Rogaland
- NAV Rogaland
- UDI vest
- Kystverket Vest
- Hovudredningsentralen Sør-Norge (HRS)
- Sokkeldirektoratet
- Havindustritilsynet
- Sjøfartsdirektoratet
- Kommunane i Rogaland

## Fylkesberedskapsutvalet (frå 2024)

- Statsforvaltaren med avdelingsdirektørar
- Sør-Vest politidistrikt
- HV-08
- Rogaland Sivilforsvarsdistrikt
- Helse Vest
- Rogaland fylkeskommune
- Nkom
- NHO Rogaland
- Kraftforsyningas distriktssjef (Lnett)
- Fem kommunedirektørar (ein representant frå kvar region)